



ÅRSMELDING

IDRETTSLAGET

HØYANG

2022

Sak 1

Godkjenne dei som har røysterett

Sak 2

Velje dirigent

Sak 3

Velje protokollfører

Sak 4

Velje to medlemmar til å signere protokoll

Sak 5

Godkjenne innkalling

Årsmøte i IL Høyang



Torsdag 16. mars kl. 18.00 på Øren Hotel

Saker sendast til Hilde Johanne Bjørkhaug på hjbjorkhaug@hotmail.com **seinast 17.02.23**.

Fullstendig sakliste med alle saksdokument vil bli gjort tilgjengelig for medlemmane seinast ei veke før årsmøtet på heimesida til Idrettslaget Høyang og i Ytre Sogn avis.

For å ha stemmerett og kunne velgast til verv må ein ha vore medlem av Idrettslaget Høyang i minst ein månad, fyller minst 15 år i det kalenderåret årsmøtet vert helde, og ha gjort opp sine økonomiske forpliktelser til Idrettslaget Høyang. Alle medlemmar har uansett møterett, talerett og forslagsrett.

For meir informasjon om årsmøte samt regler om stemmerett, valgbarheit, forslagsrett mm., sjå IL Høyang si lov.

Ved spørsmål som gjeld årsmøtet, kontakt Idrettslaget Høyang ved leiar Tor Aleksander Dale.

VIKTIG!! Påmelding til årsmøtet på www.ilhoyang.no



Velkommen til årsmøte!

- Styret -

Sak 6

Godkjenne sakliste

Årsmøte i IL Høyang



Torsdag 16. mars kl. 18.00 på Øren Hotel

Sakliste:

Sak 1: Godkjenne dei som har røysterett

Sak 2: Velje dirigent

Sak 3: Velje protokollfører

Sak 4: Velje to medlemmar til å skrive under protokollen

Sak 5: Godkjenne innkallinga

Sak 6: Godkjenne saklista

Sak 7: Handsame idrettslaget si årsmelding, medrekna eventuelle gruppeårsmeldingar

Sak 8: Handsame idrettslaget sin rekneskap i revidert stand

Sak 9: Biljardgruppe-avslutte gruppe

Sak 10: Fastsetje medlemskontingent for 2023

Sak 11: Vedta idrettslaget sitt budsjett

Sak 12: Handsame idrettslaget sin organisasjonsplan

Sak 13: Gjere følgjande val:

13.1 Styre: nesteleiar, styremedlemmar, varamedlemmar

13.2 Representantar til ting og møter i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett eller gi styret fullmakt til å oppnemne representantane

13.3 Valkomité: leiar, medlemmar, varamedlem

13.4 Øvrige val i samsvar med idrettslaget sin organisasjonsplan

Grunna servering er det påmelding innan torsdag 9. mars på: www.ilhoyang.no.

Har du spørsmål om årsmøtet

send e-post til: likken@online.no

Velkommen til årsmøte!

- Styret -

Sak 7

Handsame idrettslaget sine årsmeldingar



ÅRSMELDING IDRETTSLAGET HØYANG 2022

Styresamansetjing - Hovudstyre	
Leiar	Tor Aleksander Hellem Dale
Nestleiar/kasserar	Vidar Skår
Styremedlem (marknad/sponsor)	Svein Olav Aardal
Styremedlem (web-ansvarleg)	Jon Arne Ytredal
Styremedlem (skrivar)	Hilde Johanne Bjørkhaug
Styremedlem - Gruppeleder Allidrett	Lindis Hilde
Styremedlem - Gruppeleder Fotball	Tore Ytredal
Styremedlem - Gruppeleder Friidrett	Anne Sissel Nordeide
Styremedlem - Gruppeleder Handball	Aina Drage
Styremedlem - Gruppeleder Innebandy	Tormod Rye
Styremedlem - Gruppeleder Karate	Michael Brandt
Styremedlem - Gruppeleder Klatring	Robert Breidvik
Styremedlem - Gruppeleder Turn	Marita Myklebust Tonning
Styremedlem - Gruppeleder Biljard	Tord Are Stølen

Valkomite	
Leiar	Petter Sortland
Nestleiar	Ingrid Sviggum Håre

Revisorar	
Marianne Taule	
Svein Arne Høyheim	
Stefan Fjeldsbø	

Møter

- Eit årsmøte
- 8 møter i AU
- 6 styremøter
- 2 synfaringar på nye klubblokaler
- Opning av nye klubblokaler

SAKER STYRET HAR JOBBA MED I 2022

- Aktivitetsdag. 26.september hadde vi aktivitetsdag for å presentere oss sjølv. Svært vellykka dag og gruppene hadde laga veldig gode opplegg. Svært mange var innom i løpet av kvelden.

- Lagring i hallen. Leiar har vore i møte med Høyangerhallen og alle gruppene har fått beskjed om å rydde opp i sine ting. Arbeid om utbetring pågår.

- Treningstider. 2022 har ikkje vore noko unntak. Treningstidene har vore utfordrande å komme i mål med. Når nytt anlegg vert opna skal vi få tilgang til sal 4 (ny)for å avlaste kapasitet, og vi håpar det vil hjelpe oss.

- Klesbytedag. Dette kom som eit forslag frå handballen og dei ville gjerne ta ansvar for dette. Dei hadde det på aktivitetdagen med stort hell. Dette var veldig bra opplegg som vi vil videreføre.

- Velkomstgåve til nye medlemmar i Allidretten si aldersgruppe. Styret vedtok at vi skal gje ei gåve til nye medlemmar i alderen til Allidrett - ein sekk.

- Sponsor og innkjøp. Coop er vår sponsor, så ved arrangement skal det handlast der. Sponsoransvarleg har informert styret om kor viktig det er med rett sponsor på draktene, særleg for lag i seriespel. Dette er viktig for at vi skal behalde hovudsponsorane våre.

- Høyangkontraktene. Dårleg sal og ikkje overskot. På tide med modernisering og nytenking. Hovudstyret tek det opp våren 2023 etter påtrykk frå årsmøtet i 2021.

- Politiattestar. Alle gruppeleiarar jobbar med å få politiattestar på sine trenarar.

- Handball- og fotballgruppa jobbar med å ha kurs i skadeforebygging. Friidrett ynskjer å vere med på kurs.

- Hovudstyret har utfordringar med å halde medlemslista oppdatert. Viktig at gruppene bidreg med oppdatering av aktive medlemmar.

- Kontingentar og økonomi. Hovudstyret vil i løpet av våren 2023 sjå på kontingentar og betaling for ulike aktivitetar. Skal vi auke medlemsavgifta og la idrett til og med 12 år bli gratis? Styret har ein felles oppfatning at ingen skal stå utanfor idretten i Høyanger grunna økonomiske utfordringar. Bruk av Høyangbussen er gratis for passasjerane. Idrettslaget må finne ein felles måte å kompensere sjåførar. Ved køyring med privatbil er det utarbeidd retningslinjer for betaling til sjåfør.

- E-sport: intensjonsavtale med kommunen og øvrige aktuelle aktørar. IL Høyang er tildelt ein pott som går spesifikt til oppretting av E-sport. Arbeidet med å sette ei styre-samansetning er godt i gang. Styret må så ta vidare arbeidet med å utforme aktiviteten. Tar sikte på å etablere tilbodet gjennom 2023. E-Sport går som eit prosjekt fram til årsmøte i 2024.

- Hovudstyret har ei utfordring med kommunikasjon. Kommunikasjonen må bli betre både mellom gruppene og mellom gruppene og arbeidsutvalet. Dette er ei utfordring både når det gjeld t.d. treningstider, helgeaktivitet og kampar. Oppmodar om å betre bruken av hovudstyremøter, lese møtereferat og bruke chatgruppe. Vi må også vere merksame på at alle som gjer ein jobb for idrettslaget må fylgje retningslinjer som hovudstyret har bestemt. Det er styre i undergruppene som må sikre at all informasjon når ut i alle ledd, det er kun slik vi kan unngå kollisjonar av trening, kampar og turneringar. Det same gjeld reklame på drakter osv.

- Uteområdet rundt Høyangerhallen. Fotballgruppa har jobba mykje med å komme i dialog med kommunen angående uteområdet på sentralidrettsanlegget. Kunstgrasbana er farleg og utsliten. Har og vore mykje mørkt på bana. Leiar i fotballgruppa har dialog med kommunen. Vi veit at kommunen har ein plan om å oppgradere anlegget, men dette er langt fram og kunstgrasbana treng nødhjelp for å kunne brukast.

- Leiar for idrettslaget har og vert i dialog med kommunen om ansvaret for å halde anlegget i drift og at anlegget er i forsvarleg stand må være eit fokus fram mot ei større utbetring.

- Sentralidrettsanlegget. Kommunen inviterte til folkemøte i haust der vi jobba gruppevis med ide-myldring rundt oppgradering av sentralidrettsanlegget. Resultat av ide-myldringa kjem i starten av 2023.

- Idrettslaget Høyang sendte eit brev til kommunen i oktober som vi fortsatt ventar på svar på.

Utdrag frå brevet:

Idrettslaget Høyang håpar at Høyanger kommune kan få til ein levande digital aktivitetsskalender på heimesida si der alle lag og organisasjonar kan få inn faste aktivitetar i tillegg til arrangement i kommunen. Ein plass der det vil vere lett for innbyggjarane å orientere seg i kva som skjer i kommunen.

I Høyangerhallen bør ein ha mogelegheit til digital booking av alle tre salane inne i hallen i tillegg til anlegget ute. Det bør vere ei digital tavle i vestibulen som viser kva som går føre seg på idrettsanlegget til ei kvar tid.

Idrettslaget Høyang ber og om at Høyanger kommune lagar ein link på heimesida si der ein kan finne ut kvar ein kan søke støtte til fritidsaktivitetar. Vi ser at det er vanskeleg for folk å ta direkte kontakt angående eit vanskeleg tema. Om kommunen hadde dette kunne alle lag og organisasjonar dele dette på sine heimesider og Facebooksider. Ein kunne vist til det på foreldremøte i skular og barnehagar.

Viser til fritidserklæringen som er ei ordning ein gjerne ikkje veit korleis ein søker på, eller ein veit ikkje om at dette er ei ordning som fins.

Kommentar frå arbeidsutvalet:

Det har vore svært utfordrande å få inn budsjett og årsmelding frå enkelte grupper. Rekneskapen har og vore levert for seint frå mange slik at revisorane våre har fått for kort tid på seg.

Tor Aleksander Dale

- leiar idrettslaget Høyang -



IL HØYANG Allidrettgruppa

Årsmelding sesong 2022

1. Organisering

Styret i allidrettsgruppa har vore samansett slik:

Lindis Hilde - Leiar

Malin Nyland Tonning - Nestleiar

Vidar Skår - kasserar

Katrine Nyland Tonning - styremedlem (innebandy)

Cyndi Karina Araya - styremedlem (refferent og materielansvarleg)

Anders Moritsgård - styremedlem (ansvarleg for barnehage gruppa)

Beate Ueland Alrek - Styremedlem (Minifotball ansvarleg)

Jeanette Wølke Friis Walsvik - Styremedlem (Minihandball)

Marita Tonning - styremedlem (Turngruppa)

Styret har hatt 6 møter; 5 ordinære styremøte og eit årsmøte.

Idrettane i allidrettgruppa har vore presenterte i årsplanen og i eit årshjul.

Allidrettsgruppa har kommunisert til medlemmane i hovudsak gjennom ei Facebook-gruppe. Dette ser stort sett ut til å ha fungert bra. Når det gjeld informasjon om års hjulet, som vi la inn i årsplanen, ser vi at dette har kome tydeleg nok ut til medlemmane.

2. Økonomi

Allidretts gruppa er sjølvfinansiert.

- IL Høyang hadde eit årsresultat på 125.214 kr i 2022, og sum eigenkapital og gjeld var på 150.543 kr.
- Barnehagebarna betaler ikke treningskontingent. Det blir tatt en trenings kontingent på kr. 150 for barn 1 til 4 klasse, de som deltar på minihåndball og minifotball.



IL HØYANG Allidrettgruppa

Årsmelding sesong 2022

3. Aktivitetar

Trening for barnehageborn i heil hall, fredag kl 1730-1830. Her har Barnehage gruppa kunne utfolde seg med hinderløype og fri leik. Vi ser at fredag er en veldig dårleg dag for barnehage gruppa, veldig lite oppmøte. Ca 5-10 barn. Så her må vi ta det på en anna uke dag til neste år. Ser og at det er veldig lite utstyr som dei kan bruke (plassmangel i hallen).

Trening for 1.-4.klasse har vore gjennomført på to ulike dagar denne sesongen, på tysdagar kl.1600-1800, har handballen og innebandyen rullert på å ha aktivitet. Vi har og fått en ny aktivitet inn i allidretten og i årshjulet, Tumbling. Dei har hatt introduksjon til tumbling for 1.-2.klasse kvar tredje onsdag fra kl.16.00-17.00. Dei ulike gruppene i årshjulet har sjølve bestemt korleis dei har ønskt å organisere barna i grupper og tidsfordeling. Vi ser at organisert idrett for denne barnegruppa har fungert godt innafor tidsramma 45 minutt.

Idrettane som har vore presenterte i årshjulet er handball, innebandy, turn og fotball. I starten av idrettsåret 2022 vart alle undergruppene i idrettslaget inviterte til å vere med i årshjulet for å presentere sin idrett for barn i idrettskulen.

Utandørs miniputt-trening for 1.-4.klasse har vi hatt frå 6.april -1.oktober 2022. Foreldre har teke på seg trenaransvar med trening ein gong per veke. Det har vore godt oppmøte på alle gruppene. Har og investert, og fått sponsa, 3stk nye mini vantebaner. Mye enklare oppsett av baner og betre til å lagre dei.

Miniputt-turnering fotball Vi arrangerte Konglerike turnering i Høyanger 25.september. Elles var det Konglerike turnering i Dale, Askvoll og Sande.

Handballturnering Var turnering i Askvoll, Dale, Gaular, Florø, Førde og Hyllestad.

Innebandy har hatt trening 1 gang i månaden 1.-4 klasse. Med godt oppmøte, ca 15-20 stk på kvar gruppe.

Den årlege påskerebusen vår Vart arrangert 31.mars i Naturstien. Der vart det satt opp 10 rebus poster. Utruleg mange som tok turen!

Den årlege nissefesten vart arrangert 19.desember.

4. Medlemmar

Utøvarar som er med på Allidretten ligger rundt 130 medlemmer, som er registrert i klubbadmin.



IL HØYANG Allidrettsgruppa Årsmelding sesong 2022

For Styret
Lindis Hilde

Høyanger 15.02.23

Lindis Hilde

Lindis Hilde,
Leiar

Malin Nyland Tonning

Malin Nyland Tonning,
Nestleiar

.....
Vidar Skår,
Kasserar

Katrine Nyland Tonning

Katrine Nyland Tonning,
Minibandy

Cyndi Karina Araya

Cyndi Karina Araya,
Material ansvarleg/refferent

Anders Moritsgård

Anders Moritsgård,
Barnehagegruppa

Beate Ueland Alrek

Beate Ueland Alrek,
Miniputtotball

.....
Jeanette Wølke Friis Walsvik,
Minihandball

Marita M. Tonning

Marita Tonning,
Turngruppa

Årsmelding og rekneskap, Falkenhytta – 2022



Generasjon etter generasjon på Falkenhytta

Styret
mars 2022

Året som gjekk

Utleigemarknaden til privatpersonar første del av året vart prega av covid som har gjort at ein del faste brukarar av hytta ikkje lenger har dette på kalendaren sin. På sommaren vart hytta nytta til overnatting ism. arbeidet med ny skiheis. Slik det ser ut er dette ikkje noko vi kan rekne med inntekter på – då både prosjektet og kommunen ikkje har flust med overskot. Ny barneheis vil likevel løfte attraktiviteten på hytta – og ei slik sponsing for å realisere barnetrekket – vil nok løne seg på sikt. Siste del av året hadde vi utleige til firma som hadde anleggsarbeid i Høyangerfjella.

Ny styreleiar tok over etter årsmøtet. Styret var gjennom Siplo engasjert i arbeidet med ny barneheis – så det var lite styreaktivitet før på slutten av året. Styrearbeidet vert i hovedsak organisert med dynamisk digital arbeidsflyt på facebook-grupper og teamsmøter. Styret jobbar no med å utarbeide ein langsiktig strategi og aktivitetsplan for hytta vidare.

Hytta har fått eit kanskje noko ufortjent rykte som slitt og sarva. Men styret har gjennomført ein gjennomgang og nokre sentrale konklusjonar:

- Hytta er overmøblert med tilfeldige og umoderne møblar
- Madrasser, puter, dyner og gardiner er slitt og lite tiltalende og gjev eit dårleg førsteinntrykk
- 3 etg kan ikkje nyttast til overnatting ihht gjeldande regelverk
- Kjøken og bad framstår som litt umoderne, men er i god bruksstand
- Ein del vindu og dører må skiftast
- Ein ynskjer gjennomgå utvendig status på vår/sommar
- Hytta har god wifi - som fungerer godt.

Den årlege dugnaden med fyrverkerisalg vert avslutta, og vart halden siste gang i 2022. Dette har vore gode inntekter – men stadig strengare krav, og færre som ynskjer nytte romjula til arbeidet gjer at ein ikkje finn det forsvarleg å halde fram. I år gjekk dugnadsinntektene uavkorta til Siplo / ny barneskiheis.

Lars Jonas Pedersen (IL Høyang)
Frode Fossen (IL Høyang)
Gaute P Haugen (Røde kors)
Jan K Milde (Røde kors)

ÅRSMELDING 2022 - FOTBALLGRUPPA

Styret i IL Høyang Fotball sitt arbeid i 2022.

Dette er styret i fotballgruppa 2022 .

Vi har vore 7 valde medlemmer;

Tore Ytredal Leiar

Trude Østerbø, Styremedlem, Fairplay ansvarleg, kontaktperson aldersbestemt

Sven Ove Råsberg, Styremedlem, arrangementsansvarleg

Guro Sagen Knudsen, Styremedlem.

Linn Jeanette Dønnem Selnes, styremedlem,

Idar Henning Måren ,Styremedlem ,matrialforvalta

Vidar fredriksen, Styremedlem,arrangement

Andre oppgåver:

Sportsleg leiar:

Materialforvaltar: Idar Henning Måren

Arrangøransvarleg for senior 4.divisjon og 3.divisjon: ToreYtredal og Sven Ove Råsberg

Ansvar for Firda live Kjell Erik Olsen Malin Fjæren

Ansvar for adels kalender: Robert Arek

Facebook redaktør: Marianne Taule

I tillegg har vi hatt:

Vi har gjennomført 12 styremøte i løpet av rekneskapsåret.

I tillegg har leiar deltatt på møte/samlingar med hovudstyret, trenarforum, oppmannsmøte og dommarmøter, Kretstinget i Førde,.Besøkte Sogn og Fjordane fotballkrets

Etter sesongen hadde vi oppsummeringsmøter med seniortrenerane/aldersbestemt og trenerforum

Fotballskule

Vi har også i 2022 arrangert fotballskule med 82 deltakere

Fire dager med fotball frå kl 10.00-14.00

11 personer frå år15-19 år som instruktører

Kjempe dugnad frå foreldre og fotballstyre

No har vi hatt fotballskule i 3 år med suksess.

Takk for Innsatsen alle saman!!



Dommarsatsing:

Vi har fortsatt eit problem innan dommarsida i klubben vår.

Styret har invitert medlemmar til å ta dommarkurs noen har meldt seg og 10 stykk har klubbdommerkurs

Likevel har sesongens heimekampar blitt gjennomført på ein god måte;

Gutte 2 div og småguttekampane har blitt leia av tidligare A-lagsspelarar: Svein Inge Bergset, Kjell Erik Olsen og Miguel Maureira. Vi har hatt tre stykk på rekrutteringsdommerkurs og det er Jarl Ivar Mjånes, Sualp Bayar, Theo Myrhol

Resten av kampane har gutte- og småguttespelerane tatt seg av!!

Vi gjennomførte eit lite privat dommarkurs med Geir Helge Alrek før sesongen starta, og dei unge dommerane har gjennomført kampane med glans.

Takk for innsatsen alle saman!!

Sportslege prestasjonar 2022;

A-lag Herrer 4.div 2022

ANSVARLEGE 2022 :

Hovudtrenar : Miguel Maureira

Hjelpetrenar/Spelarutviklar :Mauricio Hernandez

Lagledarar / oppmenn : Marius Lillehaug og Elias Fredriksen, (takke for veldig bra jobb. Vi trenarar har fått fokusert på det sportslege!)

Andre som har bidratt rundt laget i år er :

Vil takke alle sjåførane som stiller opp gang etter gang, og køyrer oss på bortekampane.

Takk og til Idar Henning Måren som har vore veldig behjelpelig med utstyr etc.

Takk til fotballstyret, og til andre som har bidrege rundt laget denne sesongen.

IL Høyang – A-laget. Sesongen 2022

Vi starta sesongen som vanleg i januar. Årets stall er ung. Dei fleste spelarane er under 20 år.

Oppmøte på treningane har vore stabilt godt, særleg på vårhalvåret, og kvaliteten har også

vore god, trass i ein ung gjennomsnittsalder. Vi har mista spelarar i løpet av året og nokon har starta på studier eller reist i militæret, slik at vi har blitt nokre færre på treningane i haust.

Kvaliteten på treningane har likevel vore god, mykje takka varierte og målretta treningsopplegg frå trenarteamet.

Hele sesongen var meget sterk av Høyang gutta.

Ein respektabel 6 plass.

Vi er kvalisert til NM kvalikk

Vi vil til slutt få takke styret og kamparrangøransvarleg for godt arbeid.

Takk for ein fin sesong!!

Miguel, Mauricio



A-Laget



Poengjakt på Dingemoen

6.divisjon – Høyang 2

Årsrapport Høyang 2

Rapport

Oppkøyring og trening

Vi begynte sesongoppkjøringa i starten av januar. Det var i løpet av oppkøyringa stort sett veldig godt oppmøte. Gresskrigerne har som mantra å vere et tilbod for alle, og vi set det sosiale aspektet høgt. Dette er viktig i forhold til at vi får med så mange som mogleg, då det av erfaring har vore vanskelig å få med nok spelarar på enkelte bortekampar. Dette har heldigvis ikkje vore eit problem i år, då vi har spelt kampar i Sunnfjord og Ytre Sogn. Verre har det vore dei åra vi har spelt innover i Sogn. Som regel har vi låge mellom 10-20 stykk på treningane, med nokre avvik. Det har vore ein god miks mellom unge og litt eldre spelarar med mykje erfaring. Dette har vore viktig i forhold til å holdet oppe trøkket på treningane. Ein del guttespelarar har gjennom heile sesongen vore med på nokre av øktene, og gjennom dette fått ein liten introduksjon til seniorfotballen og den fysikken og tjuvtriкса som brukast der.

Som tiltenkt gjekk vi i 2022-sesongen tilbake til trening måndag og torsdag. Dette fungerte bra både under oppkøyringa og under kampsesongen. Jamt over har det likevel vore dårlegare oppmøte på torsdagar. Truleg som følgje av tunge bein og litt vondter her og der. Det har uansett vore betre oppmøte enn for 2021 sesongen, då treningane var på onsdag.

På treningane har vi satt fokus på nokre punkt

- *Fysisk kapasitet og skadeførebygging*
- *La ballen gjere jobben – være trygge med å holde ballen i laget.*
- *Kommunikasjon og konstruktive meldingar – holde en positiv tone.*
- *Struktur*
- *Kontroll på kampen og endre kampbilette («game controll»)*

Vi har hatt mykje same fokus som for 2021-sessongen, men vi tilførte nokre små justeringar i forhold til vidareutviklinga av tidlegare fokusområde.

Fysisk kapasitet og skadeførebygging er veldig viktig for å kunne holde eit jamt nivå gjennom kampane og ha nok spelarar tilgjengeleg. I praksis har vi løyst dette med å starte øktene med ei solid oppvarming som involverer både lett kondisjon -og styrkeøvelser. Dette vil vi vidareføre for sesongen 2023. Vi vil fortsatt ha mykje fokus på ei strukturert oppvarming som har fokus på balanse-, spenst- og styrkeøvelser. På slutten av øktene har vi i tillegg hatt ein del ulike kondisjonsøvingar med høgare tempo. Desse har vi variert alt etter kampbelastning. Fokuset på god struktur har vi løyst gjennom særleg fokus på struktur under spilløktene. Her har gjerne dei som spelar midtstoppar fått eit særleg ansvar med å prate og dirigere laget slik at ein flyttar seg saman som ei eining og posisjonerer seg riktig. I denne samanheng har dei rutinerte spelarane vore viktige. Dei har vore med på at ein får i gang kommunikasjonen og ein oppnår at fleire og fleire tar tak utover i økta.

For å verte komfortball med ballen i laget har vi køyrt ein del spilløktar med to berøringar og oppfordra gjengen til at det er lov å kvile med ball. Ein må ikkje på død og liv angripe med ein gong ein vinner ballen. Ein må prøve å lære seg å gjere dei riktige vurderingane.

Kampar



Krigerane klare til lokaloppgjør mot Dale 2 på sletta KG.

2022-sesongen vart spelt som ein trippelserie. Vi har som i 2021-sesongen sett igjen mykje av det vi har jobba med på trening. Vi har sett ein god del utvikling på dette med å ha god struktur og kommunikasjon. Vi har sett at fleire tar ansvar både for seg sjølv og andre. I tillegg vart gutane veldig flinke til å gi tilbakemeldingar på ting som har fungert og kva som ikkje har fungert i løpet kampane. Dette har gjort at vi har kunne foretatt endringer underveis som har gitt positivt resultat.

Vi har spelt dei fleste kampane i ein variant av 4-4-2 eller 4-3-3. Som regel har vi starta kampane i 4-3-3 då vi er mest komfortable med å kontrollere kampane i denne formasjonen. Utover i kampen har derimot formasjonen, variert alt etter kampbilete og tilgjengelege spelarar. Vi har i motsetning til 2021-sesongen kor vi ofte la oss litt lavt oftare prøvd å stå høgare. I forhold til dette har i vert tydelege på at når vi først bestemmer oss å gå i press så må heile laget følgje etter. Dette har til tider fungert, men det er fortsatt ein del å jobbe med. Vi har også hatt fokus på at alle som er med på kamp skal få spilletid og at ein gjer prioriteringar på dette ut i frå oppmøte på trening.

Som andrelag er samarbeidet med a-laget og gutelag viktig. Dette har stort sett fungert bra. Vi har hatt kontakt med teamet rundt a-lag og gutelag om kven som skal vere med og kor lenge dei eventuelt skal spele.

Spelarar frå gutelaget har også vore viktige for å ha nok spelarar til kampane. Vi set veldig pris på at dei ynskjer å vere med. Dei har tatt mykje ansvar respondert godt på dei fokusområde vi har inn mot kamp. Dette er eit samarbeid vi håpar kan fortsette gjennom sesongen 2023. Det same må seiast om gamle heltar som har stilt opp når vi har hatt behov for det.

Vinterpause

Når kampane var ferdig i haust trente vi 1 eller 2 gangar i uka alt etter vær og interesse fram til siste trening 7. November. I motsetning til i 2021 kor oppmøtet raskt dabba av, var vi stort sett en god gjeng på desse treningane. I år vart det tillegg vart det innført innetreningar i vinterpausen og dei starta opp same veke som vi ga oss ute. Her har vi trent kvar søndag og oppmøtet har låge mellom 10-20 stk. Så vi satser på å vidareføre dette tilbodet neste år også.

Oppsummering



Godt humør før kamp, før myggen verkeleg beit frå seg

Totalt sett er vi godt fornøyd med sesongen 2022. Vi har spelt mange del bra kampar og sett utvikling på fleire punkt. Kampane har stort sett vore veldig jamne og matchinga difor vore veldig bra med tanke på utvikling. Sjølv om mykje har vore bra finnast det alltid noko å jobbe med. Spesielt på den fysiske biten kan ein med enkle grep verte mykje betre. Det er også ynskjeleg å vidareføre dei andre prinsippa frå 2022 tillegg til at ein supplerer med nye når gruppa er klar for det.

IL Høyang stilte med desse laga i seriespel i sesongen 2022:

Gutelaget 15-17 år

Trenar: Anja Pettersen, Audun Rørvik.

Lagleiarar: Rita Eldevik



Jente 17

Jente 15/17 sesongen 2022

Vi deltok i ein 11/9'er serie på vårsesongen 2022. Vi hadde bare 8 spelarar sjølv, men klarte å stille lag gjennom eit samarbeid med Balestrand. På grunn av avstanden mellom Høyanger og Balestrand fekk vi bare til 1 felles trening. Her i Høyanger løste vi dette ved at våre jenter trente i lag med dei av damene som ønska eit treningstilbod og ved at nokre gutar 13/14 var med på treningane våre på mandagane.

Dette fungerte godt og vi var på det meste 18 stk på trening, men låg på 14 på det jamne.

Jentene i Balestrand trente med damelaget til Balestrand, og på hausten meldte dei overgang og spilte for dei, da hadde vi ingen andre alternativ enn å trekke vårt lag.

Vi spelte 6 kampar i ein serie med Stryn, Hyllestad og Sogndal.

Vi spelte dobbel serie og vant den eine heimekampen mot Stryn (spilt i Vadheim pga baneforholda i Høyanger). Resten av kampane tapte vi. Dei første kampane tapte vi med 5-6 mål, men på slutten vart tapa knappe.

Sesongen kan oppsummerast med at vi er fornøyde med at vi klarte å stille lag på våren – her skal Leif Arne ha stor honnør for å ordne samarbeidet med Balestrand.

På høsten holdt vi i gang med treningar på mandagane for jentene og damene samt at dei av gutane som ville kunne kome. Da fikk vi ei treningsgruppe på rundt 15 som spilte og hadde det fint i lag.

Dette trur vi har ført til at det var lettare for klubben å få til damelaget i 2023.

Kjell Erik og Leif Arne

G 13 sesongen 2022

Denne sesongen har det vært 11 ivrige gutar som har spilt på G13. To av dei har vi lånt fra G12 (Magnus og Matteo). Dette var første sesongen dei spilte 9-ar fotball, noko som gutane synest var kjekt og alle fekk mykje spilletid. Det blei ein del tap, men dei hadde heller ikkje alltid flaksen på si side i jamne kampar. Gutane har hatt god innsats på både trening og kamp. Men det har vert vanskeleg nokre gonger å få til gode treningar pga lite oppmøte.

Dei har vært på 2 cupar denne sesongen. I juni var vi på Lerum Cup, der gjorde gutane ein god innsats, dei kom heilt til kvartfinalen, der vart dei slått ut av laget som vant G13-klassen. I høst var vi på Førde Cup, innandørs, der gjorde gutane og det bra. Dei tapte semifinalen i B-sluttspillet for laget som seinare vant B-finalen.

I seriekampane i haust hadde vi noko fråfall pga skadar og sjukdom, da var vi så heldige å få ha med Julie på dei fleste kampane. Vi har også hatt god hjelp i Maria frå J12 i fleire kampar gjennom sesongen.

Det blir spennande å følge med gjengen i kommande sesong.

G13 har bestått av:

Levi, Lars, Nataniel, Herman, Andreas, Johannes, Heine, Håkon, Matheo, Magnus og Matteo.



G12

Gruppa har startet med 12 spillere i februar, men vi har mistet tre spillere, men fått en ny så vi avslutter med 10 spillere som virker motivert til å fortsette.

Treningene startet i februar med G12 slik at gruppen har vært mellom 11 spillere i snitt på hver trening. Vi har trent to ganger i uken fast siden oppstart i februar.

Vårsesongen bestod av 9 kamper, hadde flere jevne kamper som ikke gikk i vår favør.

Høstsesongen bestod av 9 kamper, flere tette og jevne kamper. Laga har vært jevne og gitt fin matching til alle lag.

Har hatt spillere som har hospitert opp til G13 på kamper. Det har vært en fin utfordring for de som har prøvd seg både med tanke på nivå og overgang til 9'er.

Fremover ser eg for meg at samarbeidet med 2009 gutta fortsetter nest sesong også og blir nok mulighet for at de får prøve seg med 11'er kamper i 2023.

J 11 sesongen 2022

J11 sesongen 2022 J11 laget i sesongen 2022 bestod av 6 jenter med hjelp fra J9 og J10. Laget spela 7 kamper i vårsesongen der jentene vant 6 og tapte 1 kamp. I haustsesongen vart dei beste laga i regionen samla og vi fekk spelt 6 kamper med seier i 5 kamper og 1 uavgjort. J11 og J12 trener i lag og vi som trenere er imponert over utviklinga til jentene, dei er lærevillige og interesserte. Vi har øvd mykje på samspel og angrepsspel. Jentene fekk saman med J10 er kjekk tur til Sogndal sin heimekamp mot Ranheim, stor stas. No i oktober deltok dei på Kiwi Bama cup i Sogndal der dei fekk møte andre lag enn dei som dei vanlegvis møter i serien. Flesteparten av desse jentene har vore med sidan dei starta med miniputt-fotball, og vi håper alle saman fortsetter framover. Lagleiar har vore Katrine Nyland Tonning og trenarar har vore Jan Milde og Åge Nesse.



J 12

J12 sesongen 2022 For første gang så stilte denne fine 2010 årgangen eget lag i serien. J12 laget bestod av 7 jenter med god hjelp fra ei jente født i 2009. Laget spela 8 kamper i vårsesongen der jentene vant alle kampene. I haustsesongen vart dei beste laga i regionen samla og vi fekk spelt 6 kamper med seier i 5 kamper og 1 uavgjort. J11 og J12 trener i lag og vi som trenere er imponert over utviklinga til jentene, dei er lærevillige og interesserte. J12 gjengen er med å heve kvaliteten på treningane slik at dei yngste har noko å strekke seg etter. Neste sesong vert det 9'er fotball og nye utfordringar som vi må trene på. Lagleiar har vore Malin Nyland Tønning, og trenarar har vore Jan Milde og Åge Nesse.



J10 har gjennomførte ein bra sesong der målsettinga var og ha det gøy samtidig som ein har fokusert litt på samnhald og enkle fotballferdigheter, noko vi såg meir og meir resultat av ut over i sesongen.

Gruppa blir sterkere og har fått med seg litt meir erfaring i løpet av året. Høgdepunktet var Lærum cupen der dei klarte seg utmerket. Treningsgruppa er lita men vi klarte oss greitt, vi ruller vidare



G11 sesongen



Grappa har startet med 12 spillere i februar, men vi har mistet tre spillere, men fått en ny så vi avslutter med 10 spillere som virker motivert til å fortsette.

Treningene startet i februar sammen med G10 slik at gruppen har vært mellom 15-20 spillere i snitt på hver trening. Dette samarbeidet fungerer bra slik at vi ser for oss å fortsette med neste sesong. Vi har trent to ganger i uken fast siden oppstart i februar, og kommer til å fortsette frem mot jul.

Vårsesongen bestod av 8 kamper, hadde flere jevne kamper som ikke gikk i vår favør.

Høstsesongen bestod av 8 kamper, flere tette og jevne kamper. Laga har vært jevne og gitt fin matching til alle lag. Siste kamp går 19.10.2022 borte mot Askvoll.

Har hatt spillere som har hospitert opp til G12 på kamper. Det har vært en fin utfordring for de som har prøvd seg både med tanke på nivå og overgang til 9'er.

Fremover ser eg for meg at samarbeidet med 2012 gutta fortsetter nest sesong også og blir nok mulighet for at de får prøve seg med 9'er kamper i 2023.

G10 Sesongen 2022

Er ei fin gruppe på 8-10 spillere, trener ilag med G 2011. Har hatt en god sesong med bra utvikling. Spiller både sommer og vinter, futsal og deltar på cup'er.



Avslutning for aldersbestemt



Avslutningsfest

for aldersbestemt fotball

Torsdag 16. november kl. 18.00 i
vestibyen på Høyanger vidaregåande skule.

- Quiz
- Gratislotteri
- Servering av pizza og saft



Trenarane seier nokre ord om sesongen.

Fokus på gode opplevingar • nokon som treng ei ekstra merksemd • spesielle opplevingar

Hjarteleg velkommen!



8 desember hadde vi tradisjonell avslutning for dei aldersbestemte laga. Trenerane sa nokre ord om sesongen for sine lag og vi hadde quiz og gratislotteri med flotte premiar. Hovudpremien var Suen prisen. Til slutt blei det servert pizza og saft.

Romjulscup for store og små:

I.L.HØYANG FOTBALL

GUTTER - 17

2022

Oppstart treninger for gruppa var i starten på januar . Det vart bestemt i fotballgruppa før sesongen at gutter 15-17 skulle trene i lag. Dette grunna dei eldste var få, og var heilt avhengig av dei yngste for å kunne stille lag. Men samtidig vart det og bestemt gutter -15 skulle stille i 2 divisjon. Kjem tilbake til dette på slutten av rapporten.



TRENARAR; Audun Rørvik
Anja Pettersen
Tore Ytredal

Oppmann/ Kvinne: Rita M.N, Eldevik Høstsesongen /
Vårsesongen Ole Andre Myrhol

Troppen som har vært brukt:

Sualp	Keeper
Viljar	Midtbane - Midtstopper og spiss
Leander	Kantspiller - Spiss
Daniel	Back
Theo	Kantspiller
Julian S	Back - Kantspiller
Jaran	Midtstopper - Back og kantspiller
Jonas	Angriper / Spiss
Abbi	Midtbane
Nahoum	Midtbane
Julian P. A	Midtbane
Elias	Midtstopper
Sverre	Back
Vegard	Midtstopper
Caspian	Kantspiller
Simon	Back - Kantspiller
Knut	Kantspiller
Alf	Back - Kantspiller

I oppkjøringa hadde vi to treningskampar mot Balestrand. Kampene endte med to tap. Tapte heime på overtid 2-1. Unødvendig da vi hadde for mange sjanser totalt. Var ufortjent, men kom til mange sjanser, så sett ut fra det var denne kampen heilt ok. Borte vart det 5-3 tap- Veldig svingande og i denne kampen var det heilt fortjent at BIL vant. Men to kampar så var heilt grei gjennomføring før sesongen skulle starte.

Ut fra resultata så kan ein kort oppsummere dette;

- Stort tempo førte til ein del unøyaktighet.
- For lite bruk av breidde.
- Kva legge ein i formasjonen 4-3-3?
- Når starte angrep, når holde på ballen.
- Når starte press?
- Korleis få dybde og god bevegelse?

Vårsesongen:

Målscore; 18 -29

Seier; 2 Uavgjort; 1 Tap; 5

Som resultata viser så hadde vi ein del utfordringar defensivt. Spesielt var kampen mot Førde 1 heime tøff for våre gutter. Det vart tap 0-6. (0-2). Førde 1 var flinke til å spele ball med stor bevegelse. Men vi holdt lenge, og hadde nokre muligheter til å pynte på resultatet. I dei andre kampene var det jevnare, men likevel holdt det ikkje til at vi fekk mer enn to sigrar. Vi fekk og dessverre tidlig skade på Jaran i vårsesongen, noe som førte til at han var ute for resten av sesongen. Ein såg og at dei yngste fekk store oppgåver mot eldre og sterkare spelarar.

Vi spelte 4-3-3 og 4-4-2 gjennom heile vårsesongen.

Askvoll / HIL - Høyang;	2-2	Jonas / Viljar
Gaular / Dale - Høyang;	4-2	Abbi / Jonas
Høyang - Førde:	0-6	
Jølster- Høyang	4-1	Jonas
Høyang- Askvoll/HIL	1-2	Jonas
FSK- Høyang	7-1	Jonas
Høyang-Gaular/Dale	5-1	Jonas 3, Leander 2
Høyang-Jølster	6-3	

Haustsesongen:

Målscore: 15 - 13

Høyang - Balestrand	1-2	Julian
Høyang - Dale/Gaular	3-0	Nahoum 2, Abbi
Balestrand - Høyang	5-3	Knut, Leander og Julian

Dale/Gaular - Høyang	1-2	Knut, Leander
Høyang - Eid	4-0	Julian, Jonas, Nahoum,
Leander		
Eid - Høyang	5-2	Knut, Nahoum.

Positiv målscore på høsten, men det var og færre kampar. Men uavhengig av dette var det bedre på høstsesongen.

Var bedre spel og vi fekk litt større og bedre bevegelse i laget. Men kampavviklinga vart endra mye grunna at mange ulike lag hadde mykje aktivitet på høsten. Dette virka kanskje inn på dei yngste gutta.

Kommentar til 15 års gjengen:

Denne gjengen har gått gjennom sesongen i 2 divisjon som suverene vinnarar! Full pott! Imponerende når ein og ser at dei utgjør

hovudtyngda på 17 års gruppa. Uten dei kunne vi ikkje ha stilt lag, så dei skal ha en stor takk for at dei har stilt opp!

Treningar: 2 fellestreningar i veka + kamp. Fleire av spelarane har og hatt tilbud med A-laget på treningane deira, samt at dei og har debutert på A-laget, Nokre av dei eldste har og deltatt på 6 div laget sine treningar og kampar.

Treningsoppmøte har vore godt gjennom hele sesongen. To treningar i veka vert for lite i samla gruppe for å kunne gjennomføre gode nok treningar i fellesskap. Trenarane ser at vi skulle hatt fleire treningar der vi kunne fått trent meir på:

- Spelemønster
- Avslutningsøvingar
- Spesialtrening, t.d. for keeper og utespelarar
- Bruk av meir touchbegrensninger

Det betyr at en og må fortsatt ha tettare bånd til A-lag og til 6 div lag. Videreføre kva en vektlegg og kva spillerane må vektlegge for utvikling. I dette ligg det og eit stort ansvar på enkeltspilleren.

Gjennom sesongen har fleire spelarar teke flere gode steg i

retning av å bli bedre spelarar. Dei har fått prøvd seg i ein klasse over og møtt både fysisk tøffare motstand, samt generelt bedre motstand.

I treningane legg en ned mykje basistrening og utvikling som skal gjøre spilleren / laget bedre. Men det vil alltid vere muligheter til begge deler. D,v,s, gi spillerane større ansvar. Har vi vært gode nok på det? Etter mi meining ikkje.

Ut fra det vi har erfart i sesongen så har alle forbedringspotensiale . Det gjeld alt i fra å vere godt førebudd til trening og kamp.

I ei slik spillegruppe der vi har hatt det trivelig og at treningsframmøtet har vært svært godt trur eg at ei fellestrening til

hadde vært bra. Dersom ikkje dette er mulig, må vi som eg har nemd, eit tettare bånd til dei andre laga.

Noko som spelarane kan og bør gjøre:

- Bedre førebudd til trening / kamp. (Utstyr: B.l.a. drikkeflaske; JULEPRESANG m navn)
- Konsentrasjon på trening / kva vert sagt / skal gjørast
- Munnbruk; VEKK
- Motivere medspiller
- Utstyr: SAMLE INN BALLER. Holde orden i alt UTSTYR: Gjelder og fellesutstyr; ANSVAR

Sesongen har vært trivelig med mange gode kommentarer og prestasjoner. For oss voksne har det vært moro å ha vært med, og spesielt igjen: Takk til gutter 15 for at vi kunne gjennomføre sesongen gutter 17. Stor takk til Rita som kunne overta oppmannsarbeidet på høstsesongen.

Audun



SuenPrisen 2022 gjekk til Maria Heggheim Nesse.

Avslutning;

Vil til slutt nytte høvet til å takke alle trenarar, leiarar, dommarar, støttespelarar og styremedlemmer i gruppa for god innsats i 2021. Håper at De alle saman går på eit nytt år!

Til dei som vil ha ein fortent pause frå fotballarbeid, vil vi seie;
” Tusen takk for innsatsen, velkomen attende ved eit seinare høve”.

Høyanger, 20.02.20.

Tore Ytredal
Leiar

Sven Ove Råsberg
Styremedlem

Trude Østerbø
Styremedlem

Guro Sagen Knudsen
Styremedlem

Linn Jeanette Dønnum Selnes
Styremedlem

Idar Henning Måren



ÅRSMELDING 2022, FRIIDRETTSGRUPPA, IL HØYANG

Styremedlemer i friidrettsgruppa 2022:

Anne Sissel Nordeide, leiar/sekretær/kasserar

Odd Arild Løseth

Synne Nessestrand Vefring

Jonny Manseth

Treningsaktivitetar

Friidrettsgruppa har hatt tilbod om basistrening.

Basistreninga har vore for ungdom og vaksne på kveldstid på onsdagar. Basistreningsøktene har hatt oppmøte frå 16-åring til 70-åring, og ligg stort sett jamt på rundt 15 deltakarar. Men det har også vore fleire økter på rundt +/- 25 stk. Friidrettsgruppa ønsker å vere eit breiddetilbod, så dette er gledeleg. Erlend Skreien har vore ansvarleg for treningane i Høyangerhallen.

Møteaktivitet

Medlemane i friidrettsgruppa har hatt kontakt etter behov. Leiar i friidrettsgruppa har deltatt på møte i hovudstyret i idrettslaget.

Sogn og Fjordane Friidrettskrins var 100 år i 2022 og inviterte til markering 24/9-22. Leiar i friidrettsgruppa deltok.

Utviklingsmål

Friidrettsgruppa har i tidlegare årsmeldingar hatt følgjande mål: «Friidrettsgruppa arbeider enno for å realisere oppgradering av det eksisterande friidrettsanlegget til eit fullverdig friidrettsanlegg på sentralidrettsanlegget i Høyanger. Det var gledeleg at Høyanger kommunestyre, i desember 2017, vedtok å framskande løyving til forprosjekt for nytt kunststoffdekke på løpebana frå 2020 til 2018. Det skjedde ikkje noko i 2018, men ifølgje ordførar Petter Sortland er løyvingane enno aktuelle og friidrettsgruppa set sin lit til at desse midlane blir brukte i tråd med vedtaket av desember 2017 sjølv om dette skjer litt seinare enn venta. Styret i IL Høyang støttar enno friidrettsgruppa sitt ynske om å etablere eit fullverdig utandørs friidrettsanlegg i Høyanger».

For friidrettsgruppa er dette aktuelt også i år. Høyanger har behov for eit slikt friidrettsanlegg. Vi håper difor dette blir realisert snarast.

Høyanger kommune har sidan sist årsmelding tatt initiativ vedkommande framtida til sentralidrettsanlegget. I september 2022 og i januar 2023 inviterte kommunen innbyggjarane til møte. Det første møtet, kalla planverkstad, vart leia av kommunetilsette i samarbeid med Norconsult og inneheldt blant anna gruppearbeid der deltakarane vart bedne om å komme med idear til utforming av eit framtidig sentralidrettsanlegg. I det andre møtet presenterte Norconsult eit skissert forslag til sentralidrettsanlegg. Friidrettsgruppa var representert på begge desse møta og orienterte om friidrettsgruppa sitt utviklingsmål og IL Høyang si vedtekne prioritering.

Skissa, som vart presentert på møtet i januar, ekskluderer friidrett fordi det er skissert eit sentralidrettsanlegg som ikkje er funksjonelt for friidrett. Den delen av skissa som kan minne om friidrett oppfyller ikkje krav som er gjeldande innan friidrett. Skulle skissa bli realisert inneber det at det ikkje vil bli mogleg å få godkjent eventuelle friidrettsprestasjonar på sentralidrettsanlegget i

Høyanger. Viss vi bruker fotballterminologi kan det samanliknast med at Høyanger sentralidrettsanlegg vart redusert til ei 7'er fotballbane. Det ville medført at IL Høyang ikkje kunne stilt lag i gut- og jenteklasse og oppover til og med A-laga. Dette ville ha redusert aktiviteten i fotballgruppa vesentleg.

Måten det skisserte forslaget vart framstilt på er lite framtidsretta både for idretten og for Høyanger som tettstad. Potensialet som ligg i eit fullverdig friidrettsanlegg i Høyanger er stort. Det ville medført eit potensial for utvikling av friidrettstalent lokalt og eit potensial for å skape aktivitet regionalt. Høyanger kan lage eit «miljøanlegg» med undervarme og slik bli eit forbilde for fleire industistader. Ei berekraftig utvikling inneber å legge til rette for framtida ved å sikre at ressursar ikkje går tapt, men at dei heller blir forvalta på ein god måte. I Høyanger har vi ein unik anledning til å skape varige verdier gjennom å dra vekslar på Hydro sin industri og skape eit sentralidrettsanlegg som er positivt både for idretten og for Høyanger som stad å bu.


Vi veit at gode anlegg skaper rekruttering. Ei slik rekruttering vil truleg også kunne skje i Høyanger. Historisk sett har Høyanger heilt frå Falken og HIF si tid fostra framifrå friidrettsutøvarar. Ein gong var løpebana i Høyanger så god at ho vart samanlikna med Bislett, og friidrettsutøvarar kom til Høyanger for å sette rekord. Dette har blitt borte fordi vi har hatt eit friidrettsanlegg som har forfalle og vore nedprioritert over lengre tid. Både det positive omdømet og aktiviteten har gått nedover parallelt med eit anlegg i stadig dårlegare forfatning.

Med intensjon om eit attraktivt Høyanger kan vi ikkje justere ned friidrettsanlegget til eit lite motiverande anlegg når føresetnadane for eit svært attraktivt anlegg ligg rett framfor auga våre. Det er areal nok, godt miljøperspektiv og interessa for friidrett er aukande nasjonalt. Anleggskomiteen som skal opprettast må få i oppgåve å realisere eit fullverdig friidrettsanlegg. Vi har hatt nok nedbygging av Høyanger dei seinare åra. No har næringslivet ein positiv opptur. Idretten må bidra til det positive for Høyanger. Mangfald i idrettstilbodet og eit tidsmessig anlegg vil vere positivt for Høyanger.


Høyanger, 28. februar 2023



Odd Arild Løseth



Synne Nessestrand Vefring



Jonny Manseth



Anne Sissel Nordeide, leiar/sekretær/kasserar

Handballsesongen 2022-2023 og budsjett 2023-2024



Oppsummering frå handballstyret

Sesongen 2022-2023 hatt vi 14 lag i aldersbestemte grupper, frå 6 år til 13 år. Vi er svært godt fornøgde med gjennomføringa og innsatsen som alle involverte har lagt ned – tusen takk! Dette har vi fått godt til i lag.

Gjennom sesongen har vi planlagt for og gjennomført aktivitetar både etter IL Høyang sin visjon *rom for alle* og handballgruppa sitt mål om *flest mogleg lengst mogleg*. For oss har det vore viktig at spelarar, dommarar og trenarar har kjent på fellesskap i gruppa, fått støtte, og har meistra og utvikla seg. Vi har både rekruttert fleire spelarar, trenarar og dommarar og bidrege til utvikling for alle – mest til spelarar og dommarar, og minst til trenarar. Nokre har ønska å ta handballen enda litt lenger og har fått moglegheit til det.

Det har òg vore viktig å samarbeide på tvers av både idrettar innad i klubben og med andre handballag utanfor klubben. Samarbeid med besøk av Tertnes sitt damelag har vi gjennomført tidlegare og er òg ein stor happening denne sesongen; dette inneber handballskule, kamp, sosialt opplegg og idrettsfagleg samling for både dommarar og trenarar i handballgruppa.

Ved avvikling av heimekampar har vi hatt god gjennomføring av sekreteriatsarbeid og vi har kjøpt inn utsyr til obligatorisk liveregistrering ved kampar for alder 12 og 13 år (og eldre). Både foreldre og ungdom har gjort ein god jobb i sekreteriatet. Vi har stort sett nytta eigne dommarar, og desse har òg har dommarkontakt/-støtte på sidelinja. Det har vore viktig for oss at gjestelag har kjent seg godt teke i vare gjennom gode rammer; god garderobesituasjon, god informasjon, ryddig og god gjennomføring av kamp og frukt til spelarane i pausen. Dette har vi fått gode tilbakemeldingar på. For fleire av laga har vi òg lagt opp til noko sosialt med motstandarlag i etterkant av kamp – dette for å bli litt meir kjende også utanfor bana.

På bortekampar har vi nytta foreldrekøyring med sine bilar og vi har nytta klubben sin buss. Å bruke buss bidreg i større grad enn personbilar til sosialt fellesskap. Dette vil vi prøve å gjere meir av i komande sesong. For minihandballen har vi ikkje klart å stille med alle lag til turneringane. Foreldregruppa har kome med tilbakemelding om at det er lange reiseavstander for dei minste for å spele 3 korte kampar.

Av deltaking på cup har vi hatt lag med på Bergen Cup (juli 2022), Førde Cup (aug 2022) og Stord Cup (mai 2023).

Laga i aldersgruppa 6-8 år har trent inn under allidretten sine treningstider, ein gong i veka. Laga i alderen 9-13 år har hatt trening 2 gonger i veka, og til litt ulike tider. På grunn av hallkapasitet har kabalen om treningstider vore utfordrande også denne sesongen – og ikkje alle laga har fått like gode treningsvilkår med tanke på hallflate og treningstid. Alle laga har hatt eigne trenarar, mange av dei foreldre. I minihandballen har vi samarbeidd godt med innebandy om treningstidene.

Av treningsutstyr har vi kjøpt inn godt med utstyr og kan, saman med svært god handballfagleg kompetanse i klubben, gjennomføre treningar og samlingar på høgt nivå.

Gjennom sesongen har vi lagt opp til at dommarar også har fått utvikle seg, sjå eigen del om dette arbeidet.

Styret i handballgruppa har bestått av 7 personar, som har delt på 9 funksjonar: leiar, kasserar, barneidrettskontakt, trenarkontakt, spelarutviklar, dommarkontakt, webansvarleg, arrangementsansvarleg og materialforvaltar. Vi har gjennomført 9 styremøter, det siste som årsmøte vårt.

Når det gjeld kommunikasjon har vi nytta Facebook som plattform og har hatt eigne sider for alle lag, dommarane, oppmenn, trenarar og styret.

For komande sesong ønskjer vi oss nokre forbetringar i både organisering og ressursbruk, slik at enda fleire kan få prøve handball og kan få utvikle seg som både lagspelar og handballspelar:

- 1) Bättre treningsvilkår. Laga våre bør få ha treningstid, treningsmengd og hallflate som samsvarer med alder og kampsituasjon. Vi ser òg at det kan vere bra med treningar fordelt på fleire dagar. Dette ønskjer vi at idrettslaget tek omsyn til.
- 2) Vi ønskjer kortare reiseveg til kamp for minihandballen (6-8 år), og speler dette inn til regionen.
- 3) Vi vil legge til rette for meir tid til trenarutvikling og spelarutvikling i eigen klubb.
- 4) Vi søker dommarkontakt med større fagleg kompetanse.
- 5) Vi ønskjer at idrettslaget ser på og reduserer moglege økonomiske barrierer for å drive idrett i Høyanger.
- 6) Vi ønskjer smidigare gjennomføring og kommunikasjon mellom undergruppene i laget. Det er problematisk for ungane i IL Høyang når aktivitetar i ulike undergrupper krasjer. Det er nok vanskeleg å unngå at det skjer, men vi meiner det er viktig å ikkje legge opp til det. Når treningar vert lagt på same tid, og ein samtidig krev deltaking for å kunne delta i kamp eller konkurranse, så vert ansvaret lagt på ungane. Dette meiner vi er feil, og noko som idrettslaget må ta på alvor og ta ansvar for. Vi meiner òg det er viktig at undergruppene veit om kvarandre sine aktivitetar, årshjul, mål for sesongen, kampperiodar og korleis vi tenkjer utvikling. Å delta på cupar er òg relevant å vite noko om i god tid, slik at vi lettare kan planlegge og ungane og ungdom kan delta.

Vel blåst sesong – vi er klare for ein ny og meir moro!



Anita Sæle



Jeanette W.F.
Walsvik



Siv Ølmheim



Tommy Ølmheim



Rita Eldevik



Silje M. L. Martinsen



Aina Drage

Aina Drage, på vegne av handballstyret i IL Høyang

